

## Årsmelding 2019

### Styret har i 2019 vert samansett som fylgjer:

Knut M. Bjørnås	Styreleiar
Linda Haug Kollbotn	Nestleiar
Anne Gro Aadland	Sekretær
Johannes Bruvik	Styremedlem
Frode Odland	Styremedlem
Erlend Steinsland	Styremedlem
Ove Henning Bjørsvik	Styremedlem
Karl Kollbotn	Kommunal representant
Vara medlemmar :	Jan Gunnar Våge Yngve Johannessen
Vara kommunal representant	Knut Harald Frøland Vara for Kommunal representant
Revisor :	Arne Nordbø
Valnemnd :	Toralv Sæterhaug og Kjell Odland.

Ved årsskiftet hadde forumet 30 betalande medlemmar - det same som for førre år.

I oppstarten av nytt år (2020) har Næringsforumet motteke førespurnad frå to nye verksemdar som ynskjer medlemskap. Som vedteke på årsmøte 2019, har Samnanger Næringsforum meldt seg inn i nye Bjørnafjorden næringsråd, og betaler for dette ein årleg kontingent. Tilbakemeldinga omkring dette er positive, noko som gjer at styret også for 2020 vil prøva å fornya medlemskapet for eit nytt år.

### Aktivt år.

2019 var eit nytt aktivt år for næringsforumet. I alt vart det halde 6 styremøte og 2 arbeidsmøte der ein primært har arbeida med nytt turist og aktivitetskart for Samnanger.

I tillegg til styremøta vart det halde frukostmøte 29. mars i samarbeid med Bjørnafjorden næringsråd på Bjørkheim Kro og Motell. Tema for møtet var å bli kjent med Bjørnafjorden Næringsråd, og korleis få til aktivitetar og samarbeid med Samnanger. Det var og tid til eit svært interessant og nyttig foredrag av Espen Grimmer med fokus på effektiv bruk av sosiale media for å auka salet og merkamheit.

Bjørnafjorden næringsråd i samarbeid med Os og Fusa kommune arrangerte 5 november ein heildags konferanse for alle kommunane rundt Bjørnefjorden dvs. Os, Fusa, Tysnes, Samnanger og Austevoll. Hovudtema for konferansen var «saman om vekst». Frå Samnanger Næringsforum møtte i alt 6 medlemmer og i tillegg, 10 frå kommuneadministrasjonen og kommunestyret i Samnanger. Tilbakemelding ein har fått er positive og med ynskje om gjentaking.

Samnanger kommune og Næringsforumet i fellesskap held møte i Faginnredning si kantine, der alle som driv næring i området var invitert. Frå Kommunen orienterte/Hilde Lill Våge om planar for skilting til området og om ledige næringsområde. Store delar av fylkesvegen mellom Hisdal og Os har fartsgrense på 80 km/t og har mange (over 40) på- og avkøyrslar. Trass i dette er vegen ikkje merka som forkøyrsvveg eller sidevegane med vikeplikt. Dette er noko ein vil sjå nærmare på.

Leiar for Næringsforumet orienterte om fordeling av driftskostnadene og investeringskostnad for vegbommen opp til industriområdet. Bruk av overskotsmassar frå K5 (E16), med spesiell fokus på alternative plasseringsområder for overskotsmassar vart også teke opp. Dersom nokon har gode forslag på kordan massar kan nyttast, så er oppfordringa å ta kontakt med Statens Vegvesen eller Samnanger Næringsforum, som vil formidla forslaga til dei som arbeider med utgreiinga.

Spørsmål om betre og utvida busstilbod for Rolvsvåg vart diskutert, det same gjeld oppdatering av reguleringsplanar for utviding av fiskeoppdrettsanlegg i Samnangerfjorden. Referat frå møte er sendt til alle møtedeltakarane.

### **Medlemskap i Bjørnafjorden næringsråd**

Samnanger Næringsforum søkte om å vera medlem av Bjørnafjorden Næringsråd på visse vilkår, mot at ein betaler ein årleg kontingent på Kr. 4.500 som tilsvara kontingenten som ei verksemd med mage tilsette betalar.

Styret i Bjørnafjorden Næringsråd er positive til samarbeid ut over det geografiske området Os/Fusa og ønsker å delvis imøtekomme Samnanger Næringsforum sitt initiativ. Styret ser samtidig at det ikke må bli en regel at organisasjoner kan melde seg inn og slik la enkeltbedrifter i organisasjonen få økonomiske fordeler, som andre ikke får.

Styret vil imøtekomme Samnanger Næringsråd for eit år. Hensikten med dette «introduksjonstilbudet» vil da være at bedriftsmedlemskapa som i dag er i Samnanger Næringsråd går over til Bjørnafjorden næringsråd etter eit år.

Eventuelt medlemskap var oppe til drøfting på årsmøte 2019, der styret fekk medhald i å melda seg inn. Nedanfor er delar av svaret frå Samnanger Næringsforum , Medlemmane i Samnanger Næringsforum vil, gjennom Facebook og/eller direkte mail, fortløpande få orientering om saker som gjeld næringsutvikling i Bjørnefjordregionen. Medlemmane i Samnanger Næringsråd vil verta invitert til å delta i alle arrangement (kurs og andre tilstellingar) på lik linje med «ordinære» medlemmar i Bjørnafjorden Næringsråd. Avtalen gjeld som ein prøveordning for 1 år frå 01.05.2019.

Når det gjeld siste linja i forslaget frå Bjørnafjorden næringsråd, nemleg at medlemmane i Samnanger Næringsforum går over til Bjørnafjorden næringsråd, kan styret ikkje gå god for. Dette må vera opp til kvar enkelt medlem å ta stilling til.

Ein finn opplysningar om Bjørnafjorden næringsråd ved å logga på:

[www.bjornafjordennaringsrad.no](http://www.bjornafjordennaringsrad.no) ,eller Facebook: <https://www.facebook.com/bjornafjordennaringsrad>

Om me skal fortsetja medlemskapet i Bjørnafjorden Næringsråd, eller kva form det skal bør ha, vert eige sak på årsmøte 2020.

### **Turist og aktivitetskart;**

Styret sakna eit godt turist og aktivitetskart for Samnanger, og sette derfor i gang arbeid med å få laga eit slikt kart, som omfattar mykje det av det Samnanger kan tilby turistar og andre besøkjande. Det er teikna inn badeplassar, sykkelstiar, turstiar, idrettsanlegg og sjåverdigheter. Teksten til dei einskilde «knutepunkta» stod styret i hovudsak for, men fekk hjelp til gjennomlesing og rettskriving.

Næringsdrivande i kommunen støtta godt opp om tiltaket med å tinga annonser, og ein fekk i tillegg tilskot både frå Samnanger Kommune og Sparebanken Vest.

Resultat for kart-prosjektet vart eit overskot på kr. 17.000,-

Kartet vart trykt opp i 750 eksemplara som vart lagt ut på forretningar, frisørsalong, blomsterbutikk, bensinstasjon, utsal og kafear. Forumet vart snart tom for kart, og må vurderer å trykkja opp eit nytt opplag med korreksjonar bl.a. på vegnummer.

Samnanger kommune har starta arbeid med å laga eit digitalisert turkart. Dette gjer at digitalisering av næringsforumet sitt kart ikkje lenger er aktuelt. Samnanger Næringsforum

ynskjer heller eit samarbeid med kommunen om digitaliseringsarbeidet. Frå forumet er Karl Kollbotn og Knut Bjørnås peikt ut av styret t til å delta i prosjekteringsgruppa.

### **Medlemskontingent inkl. MVA frå 2019**

Samnanger Næringsforum vart godkjent som MVA verksemd frå og med regnskapsåret 2016, då som fylgje av investeringa i ny vegbom opp til industriområdet som forumet tok regnskapsansvaret for. Forumet har fått behalda godkjenninga også for 2017 og 2018 sjølv om momspliktig omsetninga desse åra var under grensa på Kr. 50.000,-.

For regnskapsåret 2019 vart det innført MVA avgift for medlemskontingent, noko som har ført til at omsetninga dette året er godt over nedre grensa for MVA registrering. (Sjå rekneskap).

For medlemsbedriftene som sjølv er MVA registrert, har innføringa av MVA på kontingenten liten betydning.

### **Sikkerheitshol i webhotellet for Samnanger Næringsforum – Ny heimeside.**

Tidleg i mai 2019 oppdaga Domeneshop eit sikkerheitshol i webhotellet for Samnanger Næringsforumet, og at dette var blitt misbrukt av datakriminelle. Web hotellet hadde «Wordpress» som plattform. Å retta opp påførte skader ville vera omfattande og kostbart, noko som førte til at styret vedtok å innhenta prisar på ny nettside.

Forumet hadde kontakt med fleire selskap som kunne laga ny heimeside, men designar byrået Hugskot Norheimsund, som også designa framsida av turistkartet, gav oss eit akseptabel tilbud for design, teknisk ferdigstilling for publisering av nettside samt driftspakke for nettsideløysing, fakturert direkte gjennom Datahove AS som samarbeider med Hugskot AS. Ein reknar med at heimesida er klar for publisering tidleg i mars d.å.

Bokført kostnad for ny heimeside Kr. 22.110,- (eks MVA). I tillegg kjem årleg kostnad på Kr 4.800 eks. MVA for «Web-hosting», fakturert frå Datahove AS. Frå Samnanger Kommune har Forumet fått tilsegn på Kr. 20.000,- til dekning av etableringskostnader for den nye heimesida.

Håpet er at heimesida, som vil ha direkte link til Facebook, vert mykje brukt av medlemmane, kommunen og andre interesserte, for gjensidig utveksling av informasjon om utvikling av næringslivet i kommunen.

### **Ny mail adresse.**

Samtidig med at ein no vil få ny heimeside har Næringsforumet endra mail adresse, og inngått avtale med Datahove om vedlikehald av webhotell og brannmur samt drift og sikkerheit. Den nye e-post adressa til Næringsforumet vert: **post@samnangaer-næring.no**

Gjennom meldingsåret har Samnanger Næringsforum gitt høyringsuttale til fylgjande :

- **K5 (E 16) mellom Arna og Stanghelle med fokus på vegen mellom Arna og Trengereid.**
- **Reguleringsplan for Datalagring i Børdalen.**
- **Høyringsuttale om Fv. 49 rassikring av Tokagjelet.**
- **Innspel til oppdatering av arealplan for områder tett til Fv. 49**

Høyringsuttalane er lagt ut på Forumet sine heimesider, og kan lesast der.